

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer

FØRETAK: Sjukehusapoteka Vest HF

DATO: 10.03.2021

FRÅ: Administrerende direktør Jon Bolstad

SAKSHANDSAMAR: HR- og org. direktør Berit Beate Berntsen

SAKA GJELD: Val av styremedlemmer til styret i Sjukehusapoteka Vest HF, valt av og blant dei tilsette

ARKIVSAK: 2021/19

STYRESAK: 04/21

STYREMØTE: 17.03.2021

.....

FORSLAG TIL VEDTAK

Styre tek val av styremedlemmer til styret i Sjukehusapoteka Vest HF, av og blant dei tilsette, til vitande.

Oppsummering

Saka omhandlar val av styremedlemmer til styret i Sjukehusapoteka Vest HF med kunngjøring av valresultat for val av medlemmer og varamedlemmer for 2021-2022.

Fakta

Valstyre blei oppnemnd av styret i Sjukehusapoteka Vest HF i møte 29.09. 2020, og har hatt følgjande samansetting:

- Leiar: Linda Baug Tjore
- Nestleiar: Marit Ceselie Svendsen
- Medlem: Berit Beate Berntsen

Valstyret fastsette valdagen til 27. 01.2021. Valstyret har vedteke at alle kunngjeringar om valet vil skje elektronisk. Dersom det blir fleirtalsval eller det kjem inn meir enn ei liste i samband med forholdstalsval, skal sjølve valet vere hemmeleg og skriftleg, og vil skje ved postsending slik som før. Dersom det berre kjem inn ei liste i samband med forholdstalsval, blir dei kandidatane som er føreslåtte på denne eine lista, valde utan at det blir gjennomført val.

Frist for å kome med krav om forholdstalsval blei sett til 16.12.2020. Valstyret fekk krav om forholdstalsval innan fristen frå Norges Farmaceutiske Forening (NFF) og Farmasiforbundet/Parat (NFF).

Frist for å komme med valliste var 06.01.2021. Valstyret fekk ei felles liste frå Norges Farmaceutiske Forening (NFF) og Farmasiforbundet/Parat (NFF).

Lista var i samsvar med forskrifta og var motteke innan fristen. Valet er gjennomført i samsvar med gjeldande forskrift § 10 siste ledd:

«Dersom det bare fremkommer ett forslag til liste, er de som er foreslått på denne listen valgt i den rekkefølge de er foreslått. Dog gjelder § 9 åttende ledd tilsvarende»

Funksjonstida er to år, i samsvar med forskrifta §12. Ny periode startar i februar 2021, med styremøte og felles styreseminar for føretaksgruppa.

Dersom eit styremedlem eller ein vararepresentant sluttar i føretaket, stoppar vervet. Medlem av styret har møteplikt med mindre vedkommande har lovleg forfall.

Valresultat (gjeld fram til 7. juni 2021):

1. Hilde Fossmark Helvig, Sjukehusapoteket i Stavanger, provisorfarmasøyt (kons. avdelingsleiar i Sjukehusekspedisjonen)
2. Ragnhild Winum, Sjukehusapoteket i Stavanger, apotekteknikar
3. Marianne Saugestad, Sjukehusapoteket i Bergen, provisorfarmasøyt (avdelingsleiar)

Varamedlemmer

4. Siri B. Bjørhovde, Sjukehusapoteket i Haugesund, provisorfarmasøyt
5. Marianne Heggø Hansen, Sjukehusapoteket i Bergen, kontrollfarmasøyt

6. Nina H. Haakonsen, Sjukehusapoteket i Bergen, apotekteknikar
7. Espen Frøvoll, Sjukehusapoteket i Bergen, provisorfarmasøyt
8. Siri Utby, Sjukehusapoteket i Bergen, sjukehusfarmasøyt

Medlem Marianne Saugestad sluttar i si stilling i Sjukehusapoteke Vest 07.06.2021. Første vara, Siri B. Bjørhovde vert soleis fast medlem.

Valresultat (gjeld frå 08. juni 2021):

1. Hilde Fossmark Helvig, Sjukehusapoteket i Stavanger, provisorfarmasøyt (kons. avdelingsleiar i Sjukehusekspedisjonen)
2. Ragnhild Winum, Sjukehusapoteket i Stavanger, apotekteknikar
3. Siri B. Bjørhovde, Sjukehusapoteket i Haugesund, provisorfarmasøyt

Varamedlemmer

4. Marianne Heggø Hansen, Sjukehusapoteket i Bergen, kontrollfarmasøyt
5. Nina H. Haakonsen, Sjukehusapoteket i Bergen, apotekteknikar
6. Espen Frøvoll, Sjukehusapoteket i Bergen, provisorfarmasøyt
7. Siri Utby, Sjukehusapoteket i Bergen, sjukehusfarmasøyt

Kommentar

Helseføretaka, Helse Vest IKT og Helse Vest RHF har samarbeidd om prosessen slik som avtalt på førehand.

Valresultatet er kunngjort på Sjukehusapoteke Vest sine nettsider saman med kunngjering om klagerett.

Vedlegg:

- Signert protokoll frå valstyret Sjukehusapoteke Vest HF per 01.02.2021.